

Nestoren på Neset



Tors profil og ein av fjellprofilane han likar best! Biletet vart teke ein kveld for få kveldar sidan

Vi har fleire sprekingar på Neset som har kome opp i ein viss alder, men berre ein som fortener heiderstittelen Nestoren på Neset. Det er Tor H. Myklebust. Det kjem no for ein dag at han runda 90 i slutten av mars nærmast utan å nemna det for nokon og vi har trong for å gratulera post festum ettersom han no vandrar rundt på grøne grasgangar rundt hytta på Målaberget. Den fell like harmonisk inn i landskapet som Tor sjølv gjer det i Uskedalen.



Båtlagemblemet er Tor med rette nøgd med, men dette biletet vart teke før restaureringa.

Han har profilert bygda si på mange vis - med skulpturar, oljemåleri, akvarellar, teikningar, skissar, modellar og fanar. Fjellprofilane over denne nettavisa og båtlagsemblemet på kaia er til dømes hans verk. Han likar ikkje sjølv å verta kalla kunstnar, men likar heller å få merkjelappen altmoglegmann.

Det er han da også i høgaste grad. Han har vore utruleg allsidig. Han vart interiørarkitekt etter snikkerline på Voss og kunstindustriskule i Bergen og det meste av yrkeslivet har han stelt med montasje og plassering av skulpturar og minnesmerke i Bergen kommune. Han har æra for at bygrunnleggjar Olav Kyrre står framfor hovudbiblioteket og for at Kong Haakon VII kom på rett plass på Bergenhus, for ikkje å nemna dei mange krigsminnesmerka.

Og framleis har han ikkje kasta inn handkleet på heimebane. Vi kan avsløra at han akkurat no puslar med ei kvinne for å gjera henne vakrare! Ei anna avsløring er at han har laga ein skulptur av ein viss kultursjef som er eit lite meisterverk!

90-åringen har arbeidd best i Uskedalen. Det er her han har røtene sine.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen